

— Elverumsfullmakta ein historisk bløff

(Tromsø:) — Elverumsfullmakta er den største myten i vår nyare historie. Sanninga er at forslaget til denne fullmakta aldri blei vedteke av Stortinget den lag-nadsstunge aprildagen i 1940. Det stadfesta daværande stortingspresident Hambro sjølv ovafor Undersøkelseskommissjonen som blei sett ned i 1945 for å granske London-regjeringas verksemd under krigen, men den offisielle rapporten frå kommisjonen underslår dette, seier Kjell Fjortoft.

STEIN THOMASSEN • Itaren, kortfilmskaparen og frifanten Kjell Fjortoft er ikkje redd for å slakte heilage kyr — spesielt ikkje dersom han kan trække autoritetane og etablerte ekspertar på tærne. Medan han tidlegare har sett sk søkjeljos på ei rad hendelser som gjekk føre seg i nord og i den tyske okkupasjonen, og mellom anna klart å gjenreise æra til dei norske partisanane i Finnmark, går han i si siste bok «Mot stupet», med kvass penn laus på vår mest myteomspunne, framleis loynde og betente del av krigshistoria: «Dei grove politiske feilvurderingane som enda opp med Noregs Waterloo 9. april 1940». Samstundes vil han «ta rotta» på våre siste illusjonar om korleis Storting og regjering likevel klarte å halde hovudet kaldt i dei kritiske dagane etter 9. april og sikre regjeringa Nygaardsvolds politiske og juridiske grunnlag gjennom den velkjende Elverumsfullmakta.

— Det er så mykje av den historia vi har vore flaska opp med i etterkrigstida som ikkje stemmer, at eg er rysta. Det har forandra mesteparten av grunnsvnet mitt på krigen og okkupasjonen, slår Kjell Fjortoft fast, vandrande fram og tilbake på golvet i stova i bustadblokka på Hølet, Tromsøs første drabantby. Fyler på med kaffi og tekaker, medan han ustoppelig kjem med nye innspel og opplysningar for å dokumentere at det seier verkeleg er rett. Leir

oss med jamne mellomrom inn på arbeidsrommet for å hente opp einiskildinformasjon og kjeldedokumentasjon frå PC-arkivet. Han vil unngå alle mistydingar, vel vitande om at han vil tørge på seg mesteparten av landets historiske etablissement — truleg og ein del frå den juridiske ekspertise.

Ikkje avstemming

Fjortoft påstår at «Elverumsfullmakta» — sjølv berebjetken for Londonregjeringa — aldri har vore reell, medan nordmenn heile etterkrigstida har vore innprenta korleis Hambro og Stortinget med dette geniale vedtaket «redda landet» politisk gjennom krigen. Jamvel Trygve Lie skriv i memoarane sine som kom ut lenge etter krigen at gjennom Elverumsfullmakta «... reiste Hambro et monument over seg som vil stå i Norges historie i tidene som kommer. På bakgrunn av denne innsats, som bare de største statsmenn med politisk klokskap og skjønn, fantasi og nøkternt fremsyn er i stand til, må all kritikk (mot Hambro; journ. anm.) forsvinne. Alle hans såkalte praktiske forslag 9. april — i Oslo, Hamar og Elverum — førte til vedtak av den største politiske rekkevidde. I virkeligheten betydde de Quislings og Hitlers første og alvorligste politiske nederlag i Norge. Militært kunne kanskje nazistene seire i første omgang, men takket være Hambro fikk NS og tyskerne denne dagen føle den sviende smerte som politiske mistak fører med seg».



— Elverumsfullmakta vart aldri vedteken av Stortinget. Landsvikforordninga som regjeringa Nygaardsvold laga, med tilbakeverkande kraft, var difor grunnlova, seier Kjell Fjortoft. (Foto: Torstein Thomassen)

— Er dette berre bløff?

— Eg held fast ved at Elverumsfullmakta rett og slett er ei myte, fordi den aldri blei tatt opp til endeleg avstemming på Elverumsmøtet. Sjølv sagt hadde regjeringa Nygaardsvold behov for ei slik fullmakt å stø seg til i ettertid — først og fremst juridisk og politisk. Difor misbrukta dei dette framlegget som Hambro rett nok sette fram, men ikkje tok opp til votering. Sanninga er nemleg — om ho er aldri så vanskeleg å fordøye — at da Hambro, som ønska eit samla, einstemmig Storting bak ei slik fullmakt, merka at det blei reist kritiske spørsmål og jamvel brygga opp til motstand frå einiskilde representantar, trakk han det frå endeleg votering.

Utletaten forklaring

— Kvifor har ikkje dette sidan blitt trekt fram av Hambro sjølv, historieforskarar eller juridiske ekspertar?

— Hambro sjølv blei jo «nøyd» til å teie ettersom han vart hylla som den store redningsmannen og fekk status nærast som eit nasjonalt klenodium. Elles står det meste av dette å lese i underlagsmaterialet til Undersøkelseskommissjonen,

men blei underslått i den offisielle rapporten som kommisjonen la fram, og har difor ikkje vore så lett å oppdage. Men feire enn eg må jo ha lese dette trass at det har vore hemmelegstempla, så eg kan ikkje skjønne at det ikkje har vorte fokusert tidlegare. Truleg er det «bukken og havresekk-teorien» som har gjort seg gjeldande, samstundes som trongen for politisk ro var så stor like etter krigen at ingen ønska å stille for mange nærgående spørsmål ved dette. Då Undersøkelseskommissjonen la fram sin rapport i 1947, var jo rettsoppgjret mot landssvikarane i full gang; eit rettsoppgjret som nett baserte seg på denne fullmakta. Men ettersom Elverumsfullmakta aldri har eksistert på formelt lovleg måte, kan ein seie at heile landssvikoppgjret var tufta på feilaktige premissar. Mange var allereie domde og avretta på det tidspunktet, og då kjende at det var for seint å snu om. Ein kan jo berre tenkje seg til for ein politisk turbulens det ville ha fort til om dette hadde kome for dagen, og ein hadde sådd tvil om grunnlaget for heile rettsoppgjret. Hevntongen mot NS og

landssvikarane var jo stor, og regjeringa gjorde alt for å fokusere på deira svik, for å skule deile og svikten dei sjølv stod for både føre og etter 9. april 1940.

— Mykje av vår offisielle krigs- og okkupasjonshistorie har vore skjønnmåling av det som skjedde; meir eit forsøk på terrenget til å stemme med kartet — ikkje omvendt. Dei fleste historikarane har — dels medvite — fokusert blindt på tidspunktet frå 9. april 1940 og framover. Men for å forstå korleis Noreg kunne bli teke så fullstendig på senga 9. april, må vi ha betre kjennskap til det som skjedde i tidsbolken frå november — 39 fram til det tyske åtak. Utruleg nok har det vore eit hol i vår krigssoge, som historieforskarane har handsama med harelabb..., seier Kjell Fjortoft.

Reaksjonar

— Fryktar du for å bli fritt vilt for kabbelfø av faghistbrikarar og autoriserte «krigsvitarar» når du på denne måten vågar å omskrive krigshistoria vår — eller trur du dei vil freiste å teie deg i hel?

— Eg vil ikkje omskrive krigshistoria, men prøver å utfylle ho. Ein del reaksjonar vil det nok kome, men eg håpar i det minste at historikarane eller andre vil ta ballen framføre mannen. Det kan dei greie best ved å gå inn i den omfattande dokumentasjonen og legg fram. Prova finst der. Elles er eg så smått vand til å bli utskjelt og uthengt frå ulike hald; blitt kalla både nazist, rabulist, AKP-ar og «spion». Den einaste politiske bakgrunnen eg har, er som bystyremedlem for Venstre ein periode i Tromsø bystyre. Det eg vil er å finne fram til dei skjulte bitane av krigshistoria, som kan yte rettferd — på godt og vondt — overfor dei som var med. Og når ein søkjer sanninga på den måten, ser ein at det alltid er maktthavarane — autoritetane — som har størst grunn til å frykte. Dei har som regel fått mykje heider og ære for små bragder, eller fekk svi lite for sine feil. Medan dei små i samfunnet helst har fått lite eller ingen heider for små bragder, og måtte ofte svi mykje for mindre feil. Det er deira sak og helst vil tale, seier Kjell Fjortoft.

Tilbud til nye abonnenter:
GRATIS I 2 MÅNEDER
hvis du abonnerer et 1/2 år.

Skoolelever og studenter:
Redusert pris

JA, TAKK!

Jeg vil gjerne ha avisen gratis i 2 måneder, og tegner abonnement for et halvt år. Kr. 130,- (Student skolelever, Kr. 100,-)

NAVN

ADR

Brev

Kan sendes utranskirt i Norge. Adressen vil bli på den posten

Svaremdingsavtale nr. 108000/11

FRIHETEN

Gamlebyen Postkontor
0135 Oslo 1

«Elverumsfullmakta»:

«Stortinget bemyndiger regjeringen til, inntil det tidspunkt kommer da regjeringen og Stortingets presidentskap etter konferanse innkaller Stortinget til neste ordinære møte, å ivareta rikets interesser og treffe de avgjørelser og be-

føyelser på Stortingets og regjeringens vegne som må anses for påkrevet av hensyn til landets sikkerhet og fremtid».

(Framlegg frå stortingspresident Hambro på Elverumsmøtet 10. april 1940).